

Styresak

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato: 05.12.2005
 Sakbehandlar: Berit Bore
 Saka gjeld: **Organisering av oppgjer til transportørar for sjuketransport frå 01.01.06**

Styresak 120/05 O

Styremøte 14.12. 2005

Bakgrunn

Helseregionane skal overta ansvar for oppgjer til transportørar for sjuketransport frå 01.01.06.

Kommentarar

Det er halde møte med Helse- og omsorgsdepartementet (HOD), Rikstrygdeverket (RTV) og med Oppgjørsenhet Vest i Trygdeetaten. Det er og halde møte med representantar for køyrekontora i Helse Vest.

Oppgåva er av stort omfang og har ein rimeleg stor økonomisk risiko.

Den største utfordringa i denne fasa er:

- ❖ Organisering
- ❖ Kompetanse

Organisering

Aktuelle måtar å organisera på er:

- ❖ Sentralisert til et av helseføretaka (i nærleiken av køyrekontoret)
- ❖ Knytt til kvart køyrekontor
- ❖ Knytt til kvart køyrekontor, men med et kompetanseteam knytt til et av køyrekontora som igjen server alle køyrekontora (jurist/revisor/siviløkonom eller anna)

Mindre aktuelle måtar å organisera på er:

- ❖ I økonomiavdelinga i eit av HFa
- ❖ I økonomiavdelinga i kvart HF
- ❖ Sentralt i RHFet

Både RTV og Oppgjørsenhet Vest anbefaler sterkt ei sentral løysing basert på eigen erfaring med både desentralisert og sentralisert ordning. Dette har først og fremst skuld i enklare og betre oppbygging av kompetanse.

Føretaka (v/køyrekontora) ønskjer seg først og fremst ei ordning knytt til kvart køyrekontor, men med eit kompetanseteam knytt til eit av køyrekontora som igjen server alle køyrekontora (jurist/revisor/

siviløkonom eller anna). Dette av di ein får større nærleik til dei som kjenner både rekvirent og transportør. I tillegg er det ønskje om meir varierte oppgåver for dei som arbeider der.

Det må òg etablerast ein ankeinstans – den kan være felles for de fire HFa og det må være juridisk kompetanse her.

Kompetanse

Aktuelle kompetansebehov er:

- ❖ Utbetalingskompetanse (stor mengd og forfall for utbetaling må haldast) bør ikkje undervurderast
- ❖ Bransjekunnskap – både vedkommande transportør og rekvirent
- ❖ Kompetanse på regelverk og avtaler
- ❖ Analysekompetanse – korleis finne og analysera avvik?
- ❖ Kontrollkompetanse – kva skal ein sjå etter og korleis?
- ❖ Juridisk kompetanse – vurdere og følgje opp dei funna som blir gjort
- ❖ Kompetanse på risikovurdering og prioritering

Oppgjersenheten Vest har brukt om lag 4 årsverk til utbetaling og kontroll (fordelt på 9 personar) – i tillegg kjem analysering og behandling av funn (spesialkompetanseteam har tatt seg av dette). Det er ikkje berekna kor mykje tid som er medgått til dette. Informasjon (om regelendringar med vidare) har også vært handsama av andre utan at brukt tid er berekna.

Rikstrygdeverket vil ikkje anbefala at det er same person som avtaler køyreoppdrag og handsamer utbetalningar (samtidig).

Personell

Det vil være behov for personell til å utføre oppgåvene. Oppgjørskontoret Vest (avd. Bergen) har kompetente personar som har arbeidd med denne oppgåva. Det vil ikkje vera bruk for alle desse i Trygdevesenet etter at denne oppgåva fell bort. Det kan vera mogeleg å sikre oss godt kompetente personar frå Trygdevesenet. Det vil lette oppstarten betraktelig å redusera risikoen monaleg.

Det vil uansett være mogeleg med noko hospitering i desember/januar for å byggje opp kompetanse.

Plass

I tillegg til arbeidsplassar for dei som skal gjere oppgåva, er det trong for rimeleg stor arkivplass. Rekvisisjonane kjem i kassar og eit rom på størrelse med eit kontor (12 m²) blir fylt opp kvart år. Det er plikt for å oppbevare dokumentasjon til rekneskapen i ti år.

Ordning

Av di det er svært kort tid til oppgjersordninga må vera på plass og tilgjengelig kompetanse på området er i Bergen, er det bestemt at Helse Bergen førebels får ansvar for oppgjer for alle helseføretaka i regionen. Det blir sett i verk ei vurdering av korleis ordninga bør organiserast framover. Samstundes veit vi at oppgåva med utbetaling til privatpersonar etter alt å dømme blir overført til helseregionane frå 01.01.07. Dette vil vera ein mykje større oppgåve og det er ønskeleg med ei grundig vurdering av korleis dette best bør organiserast i forkant av overføringa. Begge ordningane vil bli vurdert med tanke på framtidig organisering i løpet av våren 2006.

Forslag til vedtak

Styret tar saka til orientering